Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Till. til 36. Fylke: S. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. ~~76~~ Måter å refse på Herad: Hemne

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag: Lirrosen

Oppskr. av: Arne Sødal Gard: Kveldsro

(adresse): Kyrksæterøra G.nr. 111 Br.nr. 7-8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A

SVAR

1. Nei, eg har aldri høyrt gjete at det vart prettast med ein som var ring til å slå. Men vi har ein gamal spøk her — om „å sett på hålminy" — d. v. s. å skjera rundt ein skurdar, så han blir ståande att på ein flekk eller fange for seg sjølv. Det er sjølvsagt argelig å bli ute for, og ein vil helst sjå til å berga seg frå det. Det blir no mest berre på moro gjort, men det kan vel henda at det i gamal tid låg meir ålvor i det. Det er elles no snart slutt med å bruka sigd på åkeren.

2. Nei

3. Nei. Men det kan henda at ein „utpåkar" kan bli ute for ei eller anna pretta, t. d. at sykkelen blir gøymd bort — eller heist oppi flaggstanga, at båten blir skuva på sjøen o.l.

B.

4. Å setja utnamn på folk er ein gamal og sett vanleg skikk, både for moro — og for å hemna seg på

8078

på vedkomande av „skadefryd". Ofte kunne stadaren vera utrusta med ein slik eigenskap eller lyte at namnet reint sjølvgjeve feste seg til han.

Eg veit ikkje om noko sers nemning på folk som drog på gjesting første juledag. Men det har ikkje vore haldi for god folkeskikk å ta ut på vitjing første dag jul.

5. Det har vore gamalt snakk at den som ikkje fikk noko nytt til jul han skulle „sett på stabbo" - d.v.s. han skulle sitja på huggestabben jule-kvelden. (Ein liten huggestabbe var det alltid før vanleg å ha ståande inni stua)

6. „Klattersmie" er gamal nemning her på ein som aldri får noko arbeid skikkeleg frå seg. Men det gjeld berre for manuelt arbeid.

Hemne i august 1953

Arne Sødal

8078

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING